

Temaplan

Ytre Hafstad barnehage

Periode:

August – september 2025

Tema:

Tilvenjing, tryggleik og fellesskap

Utgangspunkt i rammeplan og årsplan:

Kap 6. Overgangar, s 33

Når barnet begynne i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet får ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og andre barn. Når barnet begynner i barnehagen skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrsløse og føle det er trygt å leike, utforske og lære.

Overgangar i barnehagen

Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.

Kap 3. Formålet med og innhaldet i barnehagen, pkt 5. s 22-23

I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov.

[Årsplan for Ytre Hafstad barnehage s 10 og 11](#)

Hovudmål:

Kvart barn skal kjenne seg trygg, trivast i barnehagen og oppleve seg som ein del av fellesskapet i gruppa

Delmål:

- Kvart barn skal bli sett og høyrte og oppleve trygg relasjon til dei vaksne på si avdeling
- Kvart barn får leikekameratar og trygg relasjon til andre barn i gruppa
- Skape positiv gruppekjensle og fellesskap
- Barna kjenner seg trygge i barnehagen sine lokale og på uteområdet
- Barna blir godt kjend med dagsrytme, rutiner og viktige reglar på avdelinga

Tiltak og aktivitetar: Avdelingane vel aktivitetar tilpassa barna sin alder og modning, interesser og behov i gruppa. Meir informasjon kjem i avdelingane sine månadsplanar.	Tilvenning for nye barn; jf om overgangar i årsplan og rutine for tilvenning. Kvart barn får ein primærkontakt som har særleg ansvar for å fylgje opp barnet; jf om primærkontakt i årsplan. Leik og aktivitetar i mindre grupper ute og inne - spontane gruppeinndelingar ut ifrå barna sine ynskje - planlagde grupper som støtte for å: • skape oversikt og tryggleik • bli kjende og etablere trygge relasjonar • utvikle god leik - vaksne er mediator i leik: Nær barna i leik, observerer, og gjev barna støtte i leiken. Vaksne rettleier barna til å inkludere andre i sin leik og hjelp barna med både å hevde eigne meiningar og å tilpasse seg andre. Fast dagsrymte på avdelinga som gjev barna oversikt og skaper tryggleik for barna. Dagsrytmen må samstundes vere open for tilpassing og barna sin medverknad. Nytte utesoner på leikeplassen: • skape oversikt og nærleik for barn og vaksne • redusere støy og situasjonar som kan verke skremmande for dei barna som er nye og utrygge Lære barna viktige reglar for samhandling, og reglane blir fulgt opp med positiv påminning, gode beskjedar, ros og oppmuntring av alle tilsette på avdelinga. Namnesongar og leikar som synleggjer kvart barn i gruppa, og samtidig hjelp barna å lære namnet til andre barn på avdelinga. Leikar, songar og aktivitetar som fremjar samarbeid, fellesskap og glede. Bøker, samtaler og rollespel om samhald og vennskap. T.d. Karsten får ikke sove. Petra begynne i barnehagen. Emma begynne i barnehagen. Ludde og vennene hans. Sjå også Lotus-skjema/ide-bank. Bruke dialogisk lesing: - gjenta same forteljing fleire gonger og fortalt på ulike måtar, motivere barna gradvis meir og meir inn i forteljarrolla - velje fokusord med utgangspunkt i teksten - lage tanke-/assosiasjonskart knytt til fokusord - arbeide med fokusord gjennom samtale, leik, drama og praktiske aktivitetar Samlingar for dei eldste barna med fokus på sosial kompetanse, ein – to gongar i veka. Bruk av "Du og jeg og vi to" (Kari Lamer) og/eller «Lekbasert læring», «Venner», «Kanin og pinnsvin». «Familiehus» med bilder av barnet og familien. Foreldre til nye barn får eit «tomt hus» med heim, limer på bilde av barnet og familien og tek med til barnehagen. Alle barna får syne fram og fortelje om «huset» sitt på samling. Legge til rette slik at barna får møte vener frå andre avdelingar. Nybegynnarsamtaler for foreldre til nye barn.
---	--

